



## Notat

Dato: 30.11.2015  
Arkivsak: 2014/1180-67  
Saksbehandlar: inggase

---

Til: Hans-Christian Engum

Frå: Inger Lena Gåsemyr, Jostein Aksdal

---

### **Regional areal- og transportplan for Bergensområdet. Kulturminnefagleg merknad.**

Regional areal- og transportplan for Bergensområdet tek tak i eit viktig tema – korleis møter ein vekst og sentralisering. Dette er eit tema som vedkjem oss alle i Hordaland ikkje berre i Bergensregionen. Med så store konsekvensar er det viktig at det faglege grunnlagsmaterialet vert kjent. Høyringsdokumentet bør i større grad vise til tidlegare utgreiingar og få fram grunnlagsmateriale, som legg viktige premiss for samfunnsplanlegginga.

Fylkeskonservatoren har i planprosessen internt medverka med kulturminnefagleg kompetanse i høve til arbeid med *konsekvensutgreiing av utbyggingsstrategiar RATP for Bergensregionen*, (utført av Asplan viak AS) og verkstad og faglege diskusjonar knytt til plantema *Natur, kulturmiljø og landskap*.

Fylkeskonservatoren meiner at prinsippet for prioritering av vekst og vern må takast ut av planen og retningslinene knytt til dette må endrast, av følgjande grunner:

#### **1. Prinsippet kan vere i strid med gjeldande lovverk**

Det må vere feil tolking av lovgrunnlaget i planen, når ein regional plan viser til at «vekst» skal kunne gå føre lovheimla nasjonale verneverdiar, både innan kulturfeltet og naturverdiar. Med planen i si noverande form innfører fylkeskommunen eit nytt prinsipp om differensiert lovforståing utan å ta høgde for at desse har andre delegerte mynde. Regional areal og transportplan viser til at dette skal vera eit prinsipp i arealplanlegginga, men tek ikkje høgde for fleire faktorar. Høyringsforslaget legg ikkje opp til ei drøfting av alternative løysingar, men fremjar ei løysing på arealbruken som vil verka negativt inn på nasjonale kulturminneverdiar og overordna regionale verdiar. Det er kommunane som er planmynde og dei sjølv pliktar å planelegge i tråd med anna lovverk. Regional areal og transportplan legg slik opp til eit løp der tal på planfaglege motsegner vil kunne auke.

#### **2. Prinsippet kan skape dårlege og lite føreseielege planprosessar**

Prinsippet om å legge sterkt vekt på at regionale vekstsoner kan byggast ut utan omsynet til andre arealverdiar, kan føre til dårlege planprosessar. Det kan skape forventningar som kan vere i strid med gjeldane lovverk, nasjonale forventningar og kommunale planar. Konsekvensutgreiinga syner òg til dette

problemet, då dette kan få særleg store konsekvensar for Bergen sentrum sitt historiske sær preg, der heile den eldre bygningsstrukturen har omsynssone vern i gjeldande kommuneplan. Dette prinsippet kan òg få store negative konsekvensar for Osøyro, Indre Arna, Straume, Knarvik og Nesstun, men mindre konsekvensar for regionsentra som allereie er sterkt nedbygd på grunn av kjøpesenterverksemd og auka bilbruk (jf. KU).

Der planen drøftar sårbarheit skjer dette med einsidig fokus på framkome og tapte inntekter for næringslivet. Bergensområdet har mange andre utfordringar, og omsynet til mjuke trafikantar er til dømes lite drøfta. Dette står igjen i kontrast til innhaldet i kapittel 4 om bustadområde. Her skal Bergensområdet ha attraktive og gunstig lokaliserte areal til bustader. Når det i dag skjer eit skifte i typar av næring, der produksjonsindustri endrar form til leveransar av tenester innan økonomi og lt, så gjev dette andre utfordringar for kommunane i tillegg til transport. Lokal tilknyting gjennom bruk av grøntanlegg, historiske verneverdiar er med å gje brukarane opplevingar og tilhørsle lokalt. Regional areal og transportplan drøftar i svært liten grad dette.

I si noverande form fremjar difor ikkje Regional areal- og transportplan for Bergensregionen gode planprosessar, korkje opp i mot mjuke trafikantar, livskvalitet i bu og arbeidsmiljø, eller ibuande natur eller kulturminneverdiar.

### 3. Prinsippet tar ikkje nok omsyn til nasjonale føringer og vedtekne planar

Dei framtidige utbyggingsmønstra som planen legg opp til i Bergensområdet må ta omsyn til gjeldande lovverk, nasjonale føringer, regionale planar, kommuneplanar, kommunedelplanar, temaplanar m.m. Konsekvensutgreiinga må òg innarbeidast betre i planen.

Når planen viser til utfordringar i Bergensområdet, kap. 1.2, saknar ein som lesar ei kopling til kommuneplanane for dei gjeldane kommunane i området. Det er desse som set den politisk vedtekne arealpolitikken fast og skal regional plan ha kraft til å endre prioriteringar, må utfordringane bli meir spesifikke. Høyringa tek heller ikkje inn over seg dei ulike grunnlagsdokumenta i td. kommuneplanane. Det er her grunnlaget til mykje av dei lokale prioriteringane er å finna.

I områder som vert kalla «regionale vekstsoner», skal arealpolitikken basera seg på vekst og utvikling. For Bergen sentrum vert dette svært konfliktfullt, med omsyn til mål om attraktive og sikre bustadområde, om grønstruktur og verneområde i større grad skal kunne brukast til utbyggingsføremål. Høg arealutnytting i sentrumsnære område med lang urban historie/historisk sær preg/identitet kan difor komme i konflikt med viktige kulturminneinteresser (jf. KU).

Utvikling av alle senter i Bergensområdet skal bygge på mål og retningsliner vedteken i Regional plan for attraktive senter i Hordaland. Dette må vidareførast og konkretiserast betre i planen, særleg i høve omsyn til mål om at:

- *Sentrumsutvikling skal byggje på stadens historie, sær preg og landskapstrekk*
- *Sentrum skal ha høg arkitektonisk kvalitet og inkluderande møteplassar*

Det er ei utfordring å få til ei heilsakleg sentrumsutvikling. Det er difor viktig å rettleie kommunane til å regulerast gjennom områdeplanlegging i offentleg regi. Inntil kommunen sjølv har regulert sentrumsområdet gjennom områdeplanlegging gjeld retningsliner for arealplanar i sentrumsområde, jf. regional plan for attraktive senter i Hordaland.

I dei nasjonale forventningane til regional og kommunal planlegging har ein satt fokus på ein aktiv forvalting av natur- og kulturminneverdiar. Kulturminne og kulturmiljø er viktig for identitet og tilknyting og er ein viktig

ressurs for næringsutvikling. Dei viktigaste årsakene til tap og svekking av kulturminneverdiar er auka utbyggingspress og manglende bruk av bygningsmiljø, som følgje av nedlegging av tradisjonell industri og gardsdrift. Kommunane har hovudansvaret for å identifisere, verdsetje og forvalte verneverdige kulturminne i tråd med nasjonale mål om at tapet av verneverdige kulturminne skal minskast innan 2020. Alle kommunane i Bergensregionen arbeider no med å lage eigne kulturminneplanar (Bergen kommune blir med i 2016). Regional areal og transportplan må ta omsyn til dette arbeidet.

Planen må òg referere til Regional kulturplan for Hordaland 2015-2025: Premiss kultur, særleg med omsyn til dei kulturpolitiske utfordringar, *kap. 4, pkt. 4.1 Endringar i busetnad og infrastruktur*, og innsatsområde *kap. 5, pkt. 5.1.1 Urbanisering, stadutvikling, bygningar og landskap*.

I arbeidet med fortetting med kvalitet, må kulturarven brukast meir aktivt som ressurs. I spørjeundersøkinga om sentrumsmiljø, AUD-rapport nr.1 2013, vert det gjort synleg kor viktig det er for folk å vise historia ved å ta vare på gamle bygningar.

Forvalting og formidling av hus og landskap er ei hovudsatsing i regional kulturplan (jf. kulturplanen s. 55). Planen set fokus på at ein innan arealplanlegging må ha vekt på kvalitet som gjev rom for menneskeleg utfaldning, verkar positivt på vår eigen trivsel og fremjar fysisk, psykisk, kulturell og sosial utvikling og deltaking. Dette er særstakt viktig i høve til når ein skal fortette og skape gode bustadmiljø. Regional kulturplan set og fokus på at kulturminne og kulturmiljø er å rekna som samfunnet sine felles verdiar. Dei er unike og uerstattelige ressursar til kunnskap, oppleveling og bruk, noko EU-rapporten «The Cultural Heritage Counts for Europe», <http://www.encatc.org/culturalheritagecountsforeurope/outcomes/>, og syner til. Dette er viktige å få fram i høve til attraktivitet og omstillingsevne knytt til næringsutvikling og innovasjon. Dette bør difor integrerast betre inn i mellom anna kapittel 5 *næringsareal og arbeidsplassar*, og innarbeidast betre i dei andre kapitla i planen.

Satsing på fortetting kan føre til auka byggjepress på friområde, viktige grøntareal og kulturmiljø i byggjesona. Det er difor særstakt bra at ein i planen ynskjer å fokuserer på korleis ein best mogeleg kan ta vare på regionen sine viktige natur- og kulturressursar, men dette må samsvare betre med dei andre temakapitla i planen. Det er eit bra grep at utbygging bør komme i dei regionale vekstsonene, men det bør gjerast ei differensiering mellom desse, då dei har forskjellig utbyggingshistorie. Eit koncentrert utbyggingsmønster med høg tettleik i nokre av sonene vil kunne komme i direkte konflikt i høve interesser knytt til kulturminne, friluftsliv og landskap (jf. KU).